

Norsk etnologisk gransking.

Emne nr. 29 Rogaland fylke Nedstrand herad.

Emne: Julenissen.

Oppskr. av Tore sandsgaard

Nedstrand

Svar.

- 1 Eg trur at jolenissen som deler ut gåver fyrst vart kjend her gjennom literatur, jolekort og jolehefter. Det var fyrst lit ute i dette hundreåret at skikken vart teken i bruk i einskilde heimar her, nå er det meir vanlegt.
- 2 Jolenissen kjem med alle gåverne som han kan få i sekken sin. Han får nokre jolekaker som han skal ha med til borni sine.
- 3 Det er så ymse, gjerne ein av foreldri, tanter eller onklar. Ein tek ikkje omsyn til storleik.
- 4 Det plar vera maske med kvitt sjukjegg. Så plar han ha kort bukse, kufte og raud pinnhua.
- 5 Ein kjøper masker.
- 6 Ja . ein lagar seg og maskersjölvs med bukkehorn.
- 7 Ja det hender, men det er for det meste gutungar som går jolebukk og dei får kaker.
- 8 Ja.
- 9 Borni veit at jolegåverne er frå skyldfolk og vener, ~~xx~~ jolenissen kjem berre med dei. Sume stader set ungarne grut<sup>a</sup> på låven til nissen, morgonen etter er dei på låven og ser etter om han har ete opp gruten. Eg har ikkje høyrte noko om at gåverne kom på nokon merkeleg måte til huset. Fyrr dette hundreåret var gåverne berre kledsplagg. Dei som ikkje fekk jolegåva laut bera verahornet vart det sagt.